

Kva folk trudde før og no

Menneskja har alltid hatt ein trong til å forstå og tolke det dei opplever og ser rundt seg. Det kan vere merkelege hendingar som synest uforståelege, og som ein prøver å finne forklåring på, eller det kan vere ting ein sjølv har sett eller fått fortalt, og som ein leitar etter samanheng i. I våre dagar har vitskapen kome langt i å finne ei naturleg grunngeving for mangt som tidligare verka heilt uforståeleg og uforklarleg.

Gjennom menneskja sine freistnader på å kunne forstå det mystiske og uforståelege i omgjevnadane, voks det fram folkelege forklåringar av ymse slag, det ein kan kalle folketru. Det kunne t.d. vere om korleis den store steinen som liknar ei pil, kunne ha kome til Bolsøya. Trua på underjordiske, troll, hulder og andre mystiske skapningar låg i folkedjupet og vart nytta til å forklåre fenomen og hendingar. Mange av forklåringane kan nok kallast som «overtru», når hendingane viste seg å ha naturlege årsaker. Likevel: hulder, troll, tuftkall, nisse (fjøsnisse) haubokk og andre skapningar frå folketrua hadde innverknad på folk, truleg var mange redde. Det å bli «bergteken» måtte verkeleg vere grunn til redsle. Forteljingane frå dei som hadde opplevd slikt, var sterke. Ingen tvil om at folk trudde på dette – om det for oss er aldri så utruleg.

I 2012 har vitskap og forskning funne naturlege forklaringar på mangt som folk i tidlegare tider brukte fantasien for å finne ut av. Folk lever ikkje lenger i redsle for kva troll og underjordiske kan finne på. Etter at kristendomen fekk meir plass i folket, veik mangt frå den gamle folketrua. Likevel er det ein

viktig del av kulturen vår å kjenne til korleis det var før, kva folk trudde og tenkte, og korleis dei forklåra hendingar og ting rundt seg. Det som er teke med i dette heftet vil vere ei hjelp til å gje kunnskap og forståing om korleis det har vore her hos oss i «gamle dagar».

I artikkelen «Merkelege skapningar før og no» av Kåre Magne Holsbøvåg, får vi innsyn i mangt frå den romsdalske forteljartradisjonen. Artikkelen er på nynorsk med mange romsdalske ord og nemningar og er meint til opplesing for born – t.d. i barnehagar. Eit av måla til Holsbøvåg er å føre vidare lokale ord- og namnetradisjonar – og det oppnår ein best når born møter dei tidleg.

Ingeborg Berg
Styremedlem i Molde Mållag



Kåre Magne Holsbøvåg (1946) er gardbrukar og cand.philol, busett på Kleive. Han har skrive bøkene «Tuss og troll i stadnamn» (2006) og «Stadnamn i Molde kommune» (2010). Han har dessutan skrive meir enn 50 større og mindre artiklar om ulike emne – mange av dei om stadnamn og folkeminne.

Merkelege skapningar og hendingar

Dei som budde under jorda (underjordsfolket)

På setrene var ikkje folket (budeia og gjetaren) åleine. Huldra var der – om ein ikkje såg ho så ofte. Ho heldt mest til i ein haug eller ein stor stein, trudde dei. Desse kunne ha namn som Hulderhaugen eller Huldersteinen. Dei kunne òg meine at huldra budde under seterhusa. Difor måtte dei passe på å ikkje slå ut vatn som var heitt. Hulderfolket kunne få det utover seg og brenne seg forderva.



Huldra hadde fine kyr. Dei var blå og hadde fine knoppar på horna. (Teikning av Theodor Kittelsen.)

Somme gonger forstod dei at hulderfolket ville at setra skulle flyttast. Det draup møk frå fjøsen nedpå matbordet deira, klaga underjordsfolket.

Folk på setra måtte vere stille seint på kvelden. Huldra ville ha ro.

Huldra hadde også fine kyr, oksar, kalvar og geiter. Dyra hadde som ei blåfarge. Kledd til huldra var også blå eller grå. Kyrne hadde fine knoppar på horna. Var budeia snill og hjelpte huldra, hende det at ho som takk fekk ein hulderkalv eller ei hulderku, og det var ku som mjølka mykje.

Om vinteren når bygdefolket ikkje var på setra, flytta huldra inn i seterhusa. Det hende at folk måtte vere på setra om hausten eller våren om det var arbeid som skulle gjerast. Då kunne det hende at dei møtte ei hulder. Stundom hende det at ein gut tok med seg hulderjenta heim.

Det var slik at huldra hadde ei rompe (ein hale) som hang ned som på ei ku. Å ha ei kone med noko slikt, var ikkje så greitt. Men det var slik laga at rompa fall av når dei stod framfor alteret i kyrkja og skulle gifte seg.

Somme stader i landet finst det vakre bruresøljer og brurekroner som har kome frå underjordsfolket. Eit litt anna underjordsfolk, dei små dvergane, var så gode smedar. (Dei budde oftast i steinar.)

Når folk flytta til setra i slutten av juni, måtte dei melde frå om at dei var på veg.

Eit stykke frå setra hauka dei (sette i rop) slik at huldra skulle få tid til å flytte ut før seterfølgjet nådde fram. Slike stader kan heite Haukarberget eller Haukarsteinen.

Det fanst huldrer som hadde folkenamn. Oppmed Mekvatnet ved Meksetra heiter det Seterhaugen. Der budde huldra Seterhaug-Ane. Gardbrukaren spurde stundom gjetarane om dei hadde sett ho Seterhaug-Ane.

Bergtaking

Det hende at folk vart tekne inn i berget, dei vart det dei kalla bergtekne. Somme kom seg ut att. Dei kunne vere noko merkelege etter ei slik hending. Somme vart aldri slik som dei hadde vore før.



Det hende at folk som var til fjells møtte huldra. Iblant hende det at ein gut forelska seg i ei fager hulder og tok henne med til bygds. (Teikning av Theodor Kittelsen.)

På garden Åram innmed Langfjorden trudde dei at gjetarjenta Gullborg var bergteken. Einaste råda var å få dit kyrkjeklokka frå den gamle stavkyrkja på Rød vest for Eidsvågen. Dei rodde klokka utover fjorden, streva og bar ho oppi lia til staden der Gullborg hadde kome vekk. Der skulle dei ringe med klokka. Lyden av kyrkjeklokker og alt anna som hadde med kristendomen å gjere, likte dei underjordiske dårlegare enn noko anna. Klokka vart hengd oppi ei tolle. Så ringde dei. Dei fekk så vidt sjå inni berget. Der såg dei ho Gullborg sat og plukka lus av ein jutul. Dette var siste gongen dei såg ho Gullborg. Myra der dei ringde med kyrkjeklokka har sia vore kalla Klokkemyra.

Det var så mykje trollpakk på begge sider av Langfjorden. Trolla hoppa til og med over fjorden. Somme prøvde å byggje bru over den djupe fjorden. Ein har stader som heiter Jutullia, Jutulskåpen, Jutulbøkset og Julfaret. Dei trødde tungt desse stortrolla.

Dei underjordiske tolde ikkje solskin. Difor var det om natta dei var på ferde. Kom dei seg ikkje inn att i berget før sola rann, vart dei til stein. Men dei fleste passa seg for sola, og mange av dei vart gamle, fleire hundre år.

På sørsida av fjorden, attmed ein gamal skule, er det ein stor stein som heiter Jutulen. For ein del år sia snudde denne steinen på seg, blir det fortalt.

Mannen og kvitbjørnen

På fjellgarden Barsteinen var det slik at folket sjølv måtte flytte ut julekvelden, for då flytta ein del troll inn i stova. Så ein julekveld kom det ein mann leiande med ein kvitbjørn. Dette er det ein no kallar isbjørn. Mannen bad om hus for natta. Men folket



På fjellgarden Barsteinen jaga ein kvitbjørn trolla på dør julekvelden (foto Wikipedia).

på garden sa at dit kom det så mykje troll den natta at dei sjølve måtte flytte ut i ut-husa. Men mannen og bjørnen meinte at dei nok skulle greie seg.

Mannen og bjørnen hadde knapt gått til ro, før trolla kom farande inn og tok til å stelle til gjestebod. Då trolla fekk augo på bjørnen, trudde dei det var ein stor hund. Ein trollunge rakte ei pølse borti nasen på bjørnen. Han brente seg og vart storarg. Burande bykste han frampå golvet. Trolla vart så redde at dei la på dør og fór skrikande nedover marka.

Mannen fekk stor takk frå gardsfolket. Han og kvitbjørnen heldt fram med vandringa til kongen av Danmark. Kongen der i landet skulle ha kvitbjørnen som gåve.

Julekvelden året etter kom det eit troll frampå hammaren ovanfor garden og ropa til gardmannen: «Har du den store hunden på garden enno?» «Ja, og no har han fått fleire ungar som er like farlege!» var svaret. «Då kjem me aldri att!» ropa trollet.

Ei merkeleg hending

For litt over 300 år sia hende noko merkeleg på ein gard litt sør for Åfarnes. Ein vårdag då den unge jenta Marte Olsdotter Strand skulle gjete buskapen nær garden, vart ho brått så trøytt. Då ho vakna, var ho komen inn i berget saman med store troll. Ho-trolla hadde romper som revar. Marte vart sett til å veve og spinne. Trollfolket var fiskarar. Dei selte fisken i Bergen. Dit tok det ein dag å fare med jekta (båten) dei hadde. Medan Marte var i berget, fødde trollkona eit gutebarn. Det var like stort som eit halvvakse menneske.

Då Marte nekta å gifte seg med sonen i berget, vart ho kasta ut heilt utan klede. Ho hadde då vore nesten to år i berget.

I mai 1695 vart ho av amtmannen beden om saman med far sin å kome til Molde for å forklare seg for åtte lagrettesmenn. Det var karar som forstod seg på mykje. Marte fortalde alt det som her er nemnt, og meir til. Lagrettesmennene meinte ho hadde fullt vet, og at ein måtte tru på det ho sa. Marte hadde nok vore hos trollfolket, slo dei fast.

Trolla i Skåla

I fjellet Skåla, som er meir enn tusen meter høgt, budde det i gammal tid eit forferdeleg stort troll. Det skal visst ha vore eit ho-troll som mange kalla Lange-Maren. Truleg var det fleire mindre troll i fjellet.

Ikkje langt frå der kyrkja på Bolsøya stod, har ei lang tynn steinpil bora seg ned i marka. Før i tida trudde dei det var trollet i Skåla som skaut pila første gongen ho høyrde kyrkjeklokkene på Bolsøya.

I Dvergsneset aust for Bolsøysundet budde uvenen til trollet. Det var ein dverg. Ein gong stal dvergen eple frå eplehagen



Trollpila på Bolsøya. I gammel tid trudde dei at denne steinen var ei pil trollet i Skåla skaut første gongen det høyrde kyrkjeklokkene på Bolsøya. (N. Parelius/Romsdalsmuseets fotoarkiv).

som trollet hadde i Breiskaret mellom Skåla og Horga. Men den farlege oksen til trollet med store horn jaga dvergen heim att og inn i berget der ytst på neset.

På sørsida av Skåla ned mot fjorden er det ein kvit flekk i berget som heiter Rømmesketten. Ein gong for lenge sia skulle eit trollkvinnfolk skrive frå Skåla og bortpå Morkanebbå. Ho hadde ein rømmedall i handa. Men så gjekk ho over ende og rømmen rann utover berget. Det vart Rømmesketten. Ho ligg der sjølv òg i stein.

Minne etter jutulane og tussane

Somme stader oppå slette fjellvidder ligg forferdeleg store steinar for seg sjølve. Før i tida meinte folk det var jutular som hadde

kasta dei. Det var ikkje heilt uvanleg at jutular rauk uklare og kasta uhorvelege steinar på kvarandre. Det kunne vere ei jutulmøy begge ville ha tak i. No meiner dei det er isen som har flytta dei dit dei no ligg.

Kanskje folk for lenge, lenge sia trudde at heile fjell var store troll som hadde vorte til stein og berg. Kanskje Tussen ikkje langt frå byen Molde er eit slikt fjell?

Mellom Batnfjorden og Eide er det fleire høge fjell. Dei heiter Tussan.

Haugbokken/tuftkallen

Også heime på gardane var det ein underjording som passa på garden og såg til at alt vart gjort på gammal måte. Kanskje var dette han som for lenge sia hadde rydda garden. Han var ikkje så stor, men styggeleg sterk. Gammaldagse, gjerne gråe klede hadde denne karen. Her i Romsdalen vart han ofte kalla hau(g)bokk. Men somme stader har han òg namn som tuftkall, blåkall, tuskall eller småkall.

På somme gardar hadde han eiga seng inni husa. La nokon seg i denne senga, vart han oftast slengd fram på golvet. Andre



Tuftekallen passa på garden og såg til at alt vart gjort på gammal måte. (Teikning av Theodor Kittelsen.)



For meir enn 250 år sia skaut ein mann med borse på ein stor sjøorm i Julsundet. Biskop Erik Pontoppidan fekk laga denne teikninga.

stader stod det ein tom bås i fjøsen for han. Han har også vore kalla fjøsnisse. Men etter som tida gjekk, var det mange som helst ville jage han.

Men ein har enno minne om han mange stader. Der flyplassen no er, var det ein haug dei kalla Haugbokkhaugen. Ei tolle (furu) heitte Haugbokktollå. Men haugbokken hadde nok ikkje tolt slike store fuglar som flya er.

Midt i byen Molde, ikkje langt frå Molde-elva, heiter det Haugbokkhola.


Det må ha vore mang ein haugbukk utmed havet, for her er det mange namn som fortel om han. Mang ein stein og haug har namn som Haugbukksteinen og Haugbukkhaugen. Ikkje langt frå Bud ligg Haugbukkstøa. Haugbokken, eller tuftkallen, dreiv fiske. Dei kunne sjå han kome opp frå sjøen med ei fiskehonk. Han kunne òg vere med på jekter heilt til Bergen. I storstorm hende det at han heldt mast(r)a slik at ho ikkje bles ned.

På Innlandet i Kristiansund var det ei bryggje som heitte Tuftkallbryggja.

Sjøormar

I fjordar, hav og vatn kan det leve mange merkelege skapningar – ikkje minst sjøormar. For nokre hundre år sia var det visst sjøormar i nesten alle større vatn her i landet. I den største innsjøen, Mjøsa, vart ein stor sjøorm med store augo skoten med stålboge for kring 500 år sia. Ormen dreiv i land og måtte brennast, for lukta av den rotnande ormen var ikkje til å halde ut. Det store ryggbeinet laga dei eitt og anna av.

Men òg i hav og fjordar har det vore mang ein sjøorm. I Julsundet, ikkje langt frå Julneset, har han vore sett mange gonger. Ein gong for meir enn 250 år sia skaut dei på han med borse slik at sjøen vart farga av blodet. Her er det djupare enn andre stader i fjorden. Botnen er ujamn. Gøymestader er det nok mange av her, kring 500 meter under havflata.



To karar ror for livet i Julsundet med sjøormen etter seg. Biskop Erik Pontoppidan fekk laga denne teikninga av hendinga.

Når sjøormane kom til overflata, kunne dei kome setjande med hovudet høgt over sjøflata.

Dei som før i tida reiste på fiske langt uti havet, hadde med seg noko dei kalla bøvergjell. Det er eit pulver som er laga av noko frå kroppen til eit dyr som lagar demningar i elvar. (Dyret vart før kalla bjør eller bjør. No blir det mest kalla bever.) Stoffet har ei stygg lukt. Berre lite grann på havflata gjorde at sjøormen var snar med å kome seg unna. Eit anna middel er ei plantesaft med ei merkeleg lukt. Det heiter dyvelsdrek. Også no for tida er det somme

som kjøper dyvelsdrek på apoteket og smør på støvlane når dei skal til skogs og plukke bær.

Det blir fortalt at sjøormar har fare ut frå vatna og ned gjennom elvar. Der har det hendt at dei har slege seg i hel. I Oselva lengst aust i Molde kommune fann dei ein gong bitar av ein slik orm. Ikkje eit einaste dyr ville smake på slikt kjøt. Det var på den heitaste tida om sommaren at sjøormen helst viste seg. I våre dagar er det visst mest av store ormar i innsjøane, altså i ferskvatn. Kvar sommar høyrer ein at nokon har sett dei.